Statens vegvesen

NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Heming Lunestad - 53650124 | 2014/040033-005 | 201203268-12 | 30.05.2014 |

**Vår høringsuttale til søknad om tillatelse til å bygge 12 småkraftverk - Kvam - Fusa - Samnanger.**

Viser til høyringsbrev datert 02.04.2014.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etatens sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vårt hovudmål er å skapa størst mogeleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Vi har valt å gi felles uttale, spesifisert på dei enkelte småkraftverka.

**Jarlshaug kraftverk – Jarlshaug Kraft AS – Samnanger kommune.**

- Tilkomst frå FV 7 skal skje via kommunal veg og nytt kryss som blir etablert i samband med nyanlegget for FV 7.
- Kraftstasjonen er planlagt på motsatt side av Frølandselva og utanfor byggegrense til FV 7.

Vi har ingen merknad til søknaden.

**Sandelva kraftverk – Blåfall AS – Samnanger kommune.**

- Kraftstasjonen er planlagt aust for FV 137 og ned mot Sandelva, her er det behov for tilkomst.
- På motsatt side av FV 137 er det planlagt riggområde som det og må søkjast løyve til avkøyrsel/utvida bruk av.
- I rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser er FV 137 plassert i haldningsklasse 3 med byggegrense 30 m.

I samband med byggjesøknad må det søkjast om løyve til avkøyrsel/utvida bruk av avkøyrsel. Dersom tiltaket kjem nærmare enn 30 m frå midt av FV 137 må det søkjast dispensasjon frå gjeldande byggegrense.
Vi har elles ingen merknad til søknaden.

**Dukebotn kraftverk – BKK produksjon AS – Samnanger kommune.**
Tiltaket kjem ikkje i konflikt med våre interesser og vi har ingen merknad til søknaden.

**Koldalsfossen kraftverk - Koldalsfossen kraftverk SUS – Fusa kommune.**

- Tilkomst frå FV 48 skal skje via kommunal veg.
- Kraftstasjonen er planlagt på motsatt side av Eikelandsfjorden og utanfor byggegrense til FV 48.

Vi har elles ingen merknad til søknaden.

**Matlandselva kraftverk og Nore Fusa vannverk - Matlandselva kraftverk AS og Fusa kommune – Fusa kommune.**

- Kraftstasjonen er planlagt nordvest for FV 48, oppstraums samlaupet mellom Matlandselva og Ådlandselva. Tilkomsten vert via kommunal veg.
- Vassleidning og trykkrøyr skal gravast ned og kryssar under FV 48.
- Det er planlagt riggområde nord for FV 48 som det og må søkjast dispensasjon frå veglova om riggområdet vert nærare enn 50 m midte FV 48.
- Vassleidning og trykkrøyr, samt skogsbilvegen må ikkje koma i konflikt med tilkomstvegane til busstoppane på både sider av FV 48.

I samband med byggjesøknad til skogsbilvegen, må det søkjast om løyve til avkøyrsel/utvida bruk av avkøyrsel.
Vi har elles ingen merknad til søknaden.

**Lyselva kraftverk, Dalatjørna kraftverk, Øvre og Nedre Frydlielva kraftverk, Kastdalselvi kraftverk, Risbruelva kraftverk og Skåro kraftverk**

- Ingen spesielle merknadar til desse 5 søknadane, men minner om at dette ikkje automatisk gjev løyve til utvida bruk av avkjørsle, nye avkjørsle, dispensasjon frå byggegrense, graveløyve m.m. Dette må det søkjast om særskild.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

for Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Heming Lunestad

Kopi: Hordaland fylkeskommune, pb 7900, 5020 BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland, pb 7310, 5020 BERGEN
Kvam herad, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE
Fusa kommune, pb 24,5649 EIKELANDSOSEN